



Lindås kommune ved kommuneoverlegen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1820 - 19/21935

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

05.07.2019

Oversender søknad om utvida/oppgradert utsleppsløyve innanfor nedslagsfeltet til drikkevasskjelde til uttale - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 181/1

Tiltakshavar: Olav Thorsheim

Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS

Heimelshavar Olav Thorsheim har i søknad mottatt 19.06.2019 søkt om nytt utsleppsløyve for eigedomane gbnr 181/1 og gbnr 181/11. Det er søkt utsleppsløyve til felles minireinseanlegg med etterpolering der utsleppet skal gå vidare til etablert jordbruksgrøft. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 15 pe.

Søknaden gjeld oppgradering av godkjend utsleppsløyve for to bustadhus på gbnr 181/1 og utvida utsleppsløyve for eitt bustadhus på gbnr 181/11. Bustadhusa på gbnr 181/1 har i dag utslepp av svartvatn som vert reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før dei vert ført til terreng. Bustadhuset på gbnr 181/11 har i dag godkjend utsleppsløyve for gråvatn.

Det vart i 2015 også søkt om utsleppsløyve for svartvatn for gbnr 181/11, der avløpet skulle reinsast i minireinseanlegg. Søknaden vart endeleg avslått i vedtak i klagenemnda den 12.06.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål og innanfor sikringssona for nedslagsfeltet til hovuddrikkevasskjelda til Lindås kommune.

VURDERING

Kommunen avgjer søknader om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kap 12. Vår førebelse vurdering er at det kan gjevast utsleppsløyve til minireinseanlegg for bustadhusa på gbnr 181/1. Dette vil gje ei oppgradert avløpsløyving.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



Kommunen er negativ til å gje utvida utsleppsløyve (frå gråvatn til svartvatn) for bustadhus på gbnr 181/11. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre nye moment i denne søknaden som tilseier ei anna vurdering av søknaden enn tidlegare avgjerd. Dei forhold som var gjeldande i vedtaket frå 2017 gjer seg framleis gjeldande med styrke.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 181/1 og 11 Torsheim (ORG PDF)

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim

Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Søknad om utslepp eller økning av sanitært avløpsvatn frå bolig

Situasjonsplan

Teknisk godkjenning

Klage på avslag på utsleppsløyve – gbnr 181/11 Torsheim

Kart med KPA gbnr 181-1 og 181-11

Kart gbnr 181-1 og 181-11

Kopi til:

Hjelmås VVS AS
Olav Thorsheim

Torvhusmyrane 2 5913
Vassbygdvegen 484 5912

EIKANGERVÅG
SEIM

Mottakarar:

Lindås kommune ved kommuneoverlegen

Mattilsynet

Teknisk drift ved avd.leiar vatn og avløp

Felles postmottak Postboks 383 2381 BRUMUNDDAL